

Hun som fant på morsdagen.

Denne overskrifta stod over eit stykke før omlag 18 år siden i bladet «Urd».

Stykket tok til såleis: «I i Philadelphia i Amerika, lever den kvinne som først fant på å vie en bestemt dag hvert år til sin mors minne. Hun heter frøken Anna Jarvis. Hun valgte en dag i mai, og den dag bar hun en hvit blomst, et tegn som hun syntes passet godt som symbol på kjærligheten mellom mor og barn. Da hennes venner, og bekjente la merke til dette, fortalte hun dem at hun aktet å gjenta denne hyldest til sin mors minne på samme dag hvert år. Så blei de også interesserte, og bad henne arrangere en minnegudstjeneste som de alle kunne få være med på. Mens hun holdt på å planlegge denne, fikk hun ideen til morsdagen. Hvorfor ikke gjøre det til en nasjonalfest til minne om mødrene — en hyldest ikke bare til avdøde mødre, men til alle mødre ute og heime?»

Såleis blei den første morsdag til, skapt ut av en datters sorg over å ha mistet sin mor. Lenger ut i stykket stod det: «Det er gått med denne ideen som med så mange andre gode ideer i denne verden: den blir misbrukt. Denne dagen som egentlir skulle være helliget gode tanker og edle forsetter har også tatt dette preg av presanger. Vi tenker på hva vi skal kjøpe av alt det som forretn. i sine annonser påstår at mor trenger og som er den beste gave til mor.

Naturligvis er det hyggelig å kunne gi sin mor et par gode, varme tøfler, en fin kake og alt dette andre som hun nok gjerne vil ha, men hvis morsdagen går ut bare på det så er det blitt tøys av heile ideen. Det er heller ikke nok å være snild og oppmerksom mot mor bare den dagen, og så være tverr og grinete i hverdagslaget. På morsdagen skal vi hedre mor ved å være oppriktige over oss sjøl og spørre oss sjølv om vi no er så snilde mot mor som vi kunne være? om vi ikke kan forbedre oss enno litt og være enno blidere og meir hjelpsomme mot mor i det kommende året. Dette betvr meget meir for henne enn om vi kjøper det fineste vi kan få fatt i til henne».

Kanskje vi kan sei det som stod i Urd, såleis:

Ei mor var borte, ei datter stod att.
Då dødsdagen mintes, kjente ho natt.
Så tung var sorgen for det som var hendt,
men i mørkaste natt blei ein lys-tanke sendt.

Sendt i hennar sinn frå høgaste makt.
Tanken var klår, på reinleik ga ho akt.
I maidags-sol ho såg over eng.
Då stansa auga på den blomerike seng.

Fargar var mange, ho valde å ta
ein kvit blom, det var det ho ville ha.
Den tok ho og bar, teikn skull den vere
på reinleik og kjærleik, til morsminnets ære.

Tanken den fengde, og mange blei med.
Mor si å ære, det ga klang av fred.
Å ære dei døde det er vel vent.
Ære dei levende, er ikkje det og pent?

Difor ein dag til mor for å vise
at så gjerne vi vil henne glede og prise
din gjerning for heim i kjærleik og tru,
den gjerning som skal gjeve oss kjærleikens bru.

Morsdag vi har for mor vår å ære.
Til ære må noko synleg vere.
Her ligg ein fare for kjærleiken stor,
den kvite blom kan tapast i tening til bror.

Gåve skal gjevast, gild må den vere.
Er så rart med glans når ein skal ære
Så blir det kapping i tilbud og best,
for det er for mor vi i dag skal halde fest.

La festen ikkje vere gåvens glans,
Men helst gje oss auge for tenings-sans.
Då ser vi i gåva kjærleikens makt,
og dagen blir ein dag til tenersinnets pakt.

Ein pakt vi skal halde så langt eit år.
Då kan vi kjempe oss fram utan sår
i hug i tanke når saman ein går
i den daglege strid, men med eit sinn likt vår.

Sverre Fugleberg.